KRONIKK &DEBATT

KRONIKK:
Maks 5000 tegn inkludert mellomrom. Legg ved portrettfoto.

DEBATT:
Innlegg: 3000 tegn inkludert mellomrom. Replikk/kortinnlegg: 1000 – 2000 tegn.

E-post: **debatt@klassekampen.no**
Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg.

Tollef Mjaugedal
tollefm@klassekampen.no
Kronikk- og debattredaktør

Carline Tromp
carlinet@klassekampen.no
Redaksjonssekretær

Ingrid Grønli Åm
ingridga@klassekampen.no
Redaksjonssekretær

OVERHØRT

Er alle ting som kan kalles eugenikk , gale? Det er jeg ikke overbevist om. Jeg fremmer et helt annet mål enn rase. Og det er frivillig. Da blir problemene borte.
Filosof Ole Martin Moen foreslår at staten skal avle fram barn med høy IQ, til Morgenbladet

Kolbergs entusiasme og manglende ekspertise gjør det krevende å fri seg fra assosiasjonene til en rødkinnet tiåring som er nyinnmeldt i Mikke Mus Detektivklubb for å avsløre skurker i nabolaget.
Eirik Vinje om Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité, i VG

Bare husk dere kvinner, som ikke gidder å lete frem lysten, som lar det skure og gå, at jeg misunner dere den flotte mannen deres. Noen andre kvinner der ute gjør også det, og kunne godt tenkt seg sex med mannen din.
Ingunn Saltbones i VG

Det ville være totalt uforskammet å ikke gjøre det. Det ville ikke falt meg inn å si nei.
Sylvi Listhaug om hvorfor hun hoppet i vannet, til TV2

DAGENS LØVÅS

Prince Rogers Nelson (1958–2016)

Klassekampen honorerer normalt ikke innsendt stoff. Innsenderens e-postadresse blir trykt med mindre innsenderen reserverer seg mot dette.

MER DEBATT NESTE SIDE »

JURATIDEN? Ulvedebatt 2.0.

Makkverk, Helgesen!

ROVDYRPOLITIKK
Alf Ulven

En Stortingsmelding er et av de viktigste dokumentene vi lager i Norge. De skal være objektive og relevante for de temaene som diskuteres, og de skal være korrekte.

Stortingsmelding 21 (2015–2016) er en av de dårligst skrevne meldinger jeg har sett. Dessverre er den levert av vår egen statsråd Vidar Helgesen.

Meldingen hevder at den ulven vi verner i Norge er en truet dyreart. Det er feil. Det finnes titusener av den i Europa. Konklusjonen, at det er riktig å beholde ulv i Norge, er altså basert på et feilaktig premiss.

Meldingen sier ikke noe om tapte inntekter i landbruket eller at rovdyrforvaltningen koster titalls millioner per ulv per år.

Det aller viktigste i denne meldingen er at Helgesen, fordekt som en liten setning på side 72, forsøker å innføre muligheten av å lage «Jurassic Park» i Norge. Han skriver at *«Artenes genetiske opprinnelse er ikke av betydning for statens verneansvar»*.

Dette er å gi grønt lys for å tillate genmanipulering og i tillegg verne alle disse nye dyreartene. Nå skal vi altså bruke skattebetalernes penger på utvikling av monsterdyr i norsk natur.

Statsråd Helgesen, ta til vettet! Trekk tilbake denne stortingsmeldingen og lag en ny som er Høyre verdig. Den skal være korrekt, belyse fakta, vurdere fordeler, ulemper og tapte inntekter ved gjeninnføring av ulv i norsk natur.

Skulle du komme til at ulven ikke skal vernes, står det tusenvis av jegere og venter på lovlig ulvejakt.

Alf Ulven,
Høyres varaordfører i Aremark
ulven@kristiania.com

Jan Tore Sanner sin overgang frå ei rein friviljugheitsline til tvang er eit steg i retning formyndarstaten.

Prestesonsynd romet

KRONIKK
Bjørn Egil Fløe

Han var streng, men lågmælt, kommunalministeren på radioen. Det var like før jul og sjølv med ein søknad om kommunesamanslåing frå Leksvik og Rissa på bordet, var han lite imponert av Kommune-Noreg. I heile 2015 har han vitna den prestisjetunge kommunereformas støe kurs mot havari, men no var det på tide å syne politiske musklar og økonomisk makt.

Eg kom til å tenke på prestesonen heime, då eg høyrde innslaget. Han brukte sete stille i klasserommet. Salmeversa sat som spikra, det var kanskje ikkje det som imponerte oss mest, han hadde trass alt eit fortrinn i nett den sjangeren. Men han var også godt førebudd til høgtlesinga. Der oss andre stotra oss fram med dårleg diksjon og famlande lydstaving flaut det lett for prestesonen.

> Sanner svekker tillita mellom folk og politikarar.

Det meste gjekk bra, lenge. Men i løpet av dei siste to åra på ungdomsskulen gjekk han frå å vere sjølve representasjonen av ein vel oppdradd gut til å bli ein ramp av ein ungdom.

Fleire år seinare, kom eg i prat med far hans. Eg sat ved ei fjellvatn med fiskestonga då han – som no var vorten gamlepresten – sette seg ned ved sida av meg.

«Du kjenner son min du», sa han.

«Jau da, eg kjenner då han».

«Ja», sukka han berre. Så sat me der og såg på duppen som låg å vaka i vasskorpa i skarp motsol og fyrst etter eit par minutt knatt det i gamlepresten igjen.

«*Prestesonsyndromet*», sa han tankefullt, før han røyste seg, ønskte meg skitt fiske og gjekk vidare.

Eg tenkte lenge på kva han hadde meint med det uttrykket, og kom fram til at det vart nytta ei lita periode på 70-talet, etter at Jens Bjørneboe hadde publisert essaysamling «Vi som elsket Amerika». Og særleg var det det fyrste essayet i samlinga, «Om formyndermennesket», som var utgangspunktet for omgrepet. «Formyndermennsket», skriv Bjørneboe, «har selv den eneste, rette sanne tro og innsikt: De som mener noe annet, er anarkister, nihilister, eller rett og slett uvitende, tåpelige og umoralske barn, – som formyndermennesket må formynde».

Bjørneboe trakk fram både lærarar og prestar som representantar for dette umenneskje og nett det var også opphavet til det medieskapte omgrepet «prestesonsyndromet». No trur ikkje eg at verken lærar- eller prestesonar er meir utsette for formyndarmenneskje enn andre, men eg trur overformynderi kan gjere sjølv det beste menneskje om til usympatiske antikollektivistar, og bidra til å svekke den grunnleggande tillita samfunnet er tufta på.

Det Bjørneboe utelét i sitt essay var politikarar, statsrådar, forskarar, byråkratar og ikkje minst alle prosjektmakarane som har yngla fram i kjølvatnet av den nye prosjektøkonomien som har gjennomsyra forvaltinga dei siste 15–20 åra. Han utelét også slike som skriv fast i aviser og fagblad for smale «kyrkjelydar» og uttalar seg villig i alle kanalar. For alle ber me på ei sjølvdefinert sanning om den rette veg.

Bjørneboe utelét alle oss som kan kallast«det statsfinansierte segmentet av middelklassa». Folk med ei slags objektiv interesse av å lage lover og ordningar som har til oppgåve å gripe inn i og regulere folk sin livsførsel. Slike som er agentar for dei autoriserte sanningane og forvaltarar av hegemonisk makt og kontinuerleg opptatt av å skape eit Noreg i sitt eige bilete. Han utelét alle oss som ein dag står i fare for å snu eit tillitsbasert forvaltingssystem til politisk avmakt og kulturell motstand.

Sanner sin overgang frå ei rein friviljugheitsline til makt og økonomisk tvang er eit steg i retning formyndarstaten. Han leverer eit sterkt bidrag til prosessen med å svekke vår kollektive sosiale kapital. Han svekker tillita mellom stat og kommune og mellom folk og politikarar. Lågare tillit aukar trongen for overvaking og løfter avgjerdsmekanismane vekk frå det operasjonelle nivået som oftast best ser kva avgjerder som bør takast. Det reduserer fleksibiliteten og moglegheita for å bygge sofistikerte forvaltingssystem tilpassa stadeigne behov. Sluttsummen vert ineffektivitet, rigide lover og reglar, redusert omstillingsevne og ei utbreidd kjensle av urettferd.

Med varselet om økonomiske musklar tok Sanner enno eit steg mot nedbygging av det dei danske professorane Gert og Gunnar Svendsen meiner er sjølve kjenneteiknet på den nordiske modellen, nemleg vår kollektive sosiale kapital.

For der framme ligg det nye Noreg. Det er tillita me i «det statsfinansierte segmentet av middelklassen» syner til folk flest som avgjerd om det skal vere eit samfunn der folk brukar røysteretten sin, er ærlege skattebetalar og ivrige deltakarar i eigne lokalsamfunn, eller om me skal bli enn nasjon av svartarbeidande heimesitjarar som taggar våre signaturar på offentlege bygningar og ramponerer skulebussar.

For bak overformyndariet trugar prestesonsyndromet.

Bjørn Egil Fløe,
forskar ved Norsk institutt for bioøkonomi
bjorn.flo@nibio.no



ILLUSTRASJON: KNUT LØVÅS

IKKE NØYTRAL: Om politiet bærer religiøse hodeplagg, innbyr det ikke til tillit, skriver innleggsforfatteren. Her fra Sverige.
FOTO: FREDRIK SANDBERG, NTB SCANPIX

Hijab og demokrati, et brev til Anundsen

RELIGION
Anita Farzaneh

Kjære justisminister,

For en tid tilbake kom jeg i kontakt med en person fra «den islamske verden» som ikke selv står for islamske verdier. Han oppfattes som en frafallen og blir derfor forfulgt og truet på livet. Han ringte meg fra utlandet og ba meg ta kontakt med politiet som kjente hans sak.

Selv har jeg hele livet kjempet for demokrati og kvinners rettigheter i land hvor likestilling er et fremmedord, og teokratiske maktprinsipper utnyttes på det strengeste.

> Jeg vet at religionen hos de fleste med hijab kommer foran yrke og egne meninger.

Da jeg oppsøkte en politistasjon i Oslo for å anmelde trusler fra islamister mot denne mannen, opplevde jeg et dilemma. I skranken ble jeg møtt av en ung politikvinne med hijab. Det fremsto som umulig for meg å fremlegge saken til en person som var iført et plagg som symboliserer «brorskap» med dem som forfølger min venn. Jeg kunne ikke stole på henne, og ble redd for å sette min venn i enda større livsfare.

Jeg har mange venner som er torturert i islams navn. Jeg ser hvordan kvinner i Koranen har bare halv verdi av mennene. Jeg ser hvordan kvinner og homofile steines, hvordan unge menn og kvinner henges for ting vi i Vesten ser på som bagateller.

Da jeg ga uttrykk for min mistillit, reagerte hun med å si at Norge er et fritt land, og at jeg måtte ha respekt for andres meninger. Hun forsto ikke at det var hun som misbrukte sin posisjon som myndighetsperson.

Den norske regjering aksepterer at deres tjenestemenn og -kvinner skal få lov til å markere at de representerer verdier som undertrykker demokratiet. Når vi ser stadig flere med hijab i offentlige stillinger, betyr det at vårt demokrati svekkes. For i et demokrati må religiøs og politisk tilhørighet være en privatsak.

Når man bærer hijab som politi, uttrykker man at man har underkastet seg islams krav til uniformering, og at politirepresentasjonen kommer i annen rekke. Da er islamske lover satt over norske lover. En politiansatt med hijab er ikke nøytral, og vil ikke alltid bli sett på som en representant for fellesskapet.

I Frankrike og Belgia har man i motsetning til Norge og mange andre land i Europa, innsett hijabens ideologiske budskap, hvilke udemokratiske verdier den representerer, og hvilke skadelige effekter denne uniformeringen har på tillit i samfunnet. Det er på høy tid at vi gjør som Frankrike og forbyr bruk av hijab både på offentlige skoler og for offentlige tjenestemenn.

Anita Farzaneh,
Oslo
anita@secularforum.org